



## Notat

Dato: 25.02.2015  
Arkivsak: 2014/23510-1  
Saksbehandlar: nilgrud

---

**Til:** Samferdselsutvalet

---

**Frå:** Fylkesrådmannen

---

### Vurdering av namn på busstoppet Nyhavnsveien / Gamle Bergen - Svar på oversendingsforslag i samferdselsutvalet

Representantane **Pål Kårbø** og **Gustav Bahus** sette i møte samferdselsutvalet 22. oktober 2014 fram følgjande spørsmål:

*Ber om at det vert gjort ei vurdering om busstoppet ved «Gamle Bergen» bør annonserast som Gamle Bergen i staden for Nyhavnsvegen.*

Grunngjevinga var som følgjer:

*Som busspassasjer har jeg registrert at busstoppet annonseres som Nyhavnsveien. Andre steder langs rute 4 brukes det andre typer navn, f eks Ludebryggen, NHH, Ikea, Gullgruven, Industribygget, .....*  
*Gamle Bergen er en viktig attraksjon i Bergen, og da synes jeg det er synd at busstoppet ikke markerer dette. Det burde være et naturlig ledd i markedsføringen av stedet og bidra til å holde oppe interessen også for den vanlige busspassasjeren. Vanlige busspassasjerer som skal til Nyhavnsveien, vet hvor Nyhavnsveien er. Det er overveiende sannsynlig at de bor i området. For turister og andre besøkende til Gamle Bergen er det forvirrende at ikke Gamle Bergen annonseres på bussen. De er henvist til hyggelige medpassasjerer som tar ansvar og gjør søkende passasjerer oppmerksomme på at her er Gamle Bergen. Det har hendt at besøkende til Gamle Bergen har blitt stående på bussen inntil de ser skiltet ute på busstoppen. Da er det gjerne for sent å komme seg av, bussen svinger tross alt ut på en meget travel motorvei. Slik det er nå, må turister og andre følge godt med for ikke å reise for langt. Kommer de seg ikke av på det rette stoppet, må de vandre langs motorveien tilbake. Bare de færreste har kjennskap til Mollbakken mv. I verste fall kan publikum som hadde tenkt seg til Gamle Bergen, bli med på en uønsket tur til Asane. Jeg vet ikke hvor mange besøkende som tar rutebuss til Gamle Bergen. Det har vi ikke statistikk på, men utfra mine observasjoner kan vi nok snakke om minst 3 - 4 tusen i løpet av sesongen. Jeg synes også det er et viktig argument at utbyggerne i Nyhavn i annonser, har referert til at de ligger like ved Gamle Bergen. Det tyder klart på at det er Gamle Bergen som bør annonseres som busstoppets navn.*

#### Bakgrunn for val av namn

I val av namn på stoppestader følgjer Skyss prinsippet om at namn på haldeplass i hovudsak bør vere knytt til stads- eller gatenamn. Grunngjevinga for dette er at slike namn er stabile over tid, og gir ei god forståing for kvar haldeplassen er lokalisert. På stader der det er tvil om korrekt namn har Skyss nytta Stadnamntenesta på Vestlandet, ei teneste under Språkrådet, som gir råd og anbefaling om stadnamn.

Kollektivtilbudet skal vere enkelt å forstå og enkelt å bruke. Ein har difor etablert eit hovudprinsipp for namn på haldeplassar som nemnt over, men gjort nokre unntak som NHH, Brann Stadion, Haukeland Universitetssjukehus osb.

For å sikre ein heilskapleg og transparent prosess for fastsetjing av namn på busshaldeplassar i Hordaland, vil Skyss våren 2015 legge fram eit framlegg til rutinar for sakshandsaming og eventuelle endringar av haldeplassnamn.

### **Gamle Bergen eller Nyhavnsveien?**

For stoppet det vert stilt spørsmål om meiner Skyss at begge alternativa kan fungere godt. For dei aller fleste reisande på strekninga er Nyhavn og Nyhavnsveien kjente og etablerte stadnamn, dette inkluderer lokalbefolkning som skal vitje Gamle Bergen. Dei fleste turistar vil uansett måtte spørje om kva buss dei skal ta og kva stopp dei skal gå av på, og vil dermed få informasjon om kva haldeplass dei skal gå av på før eller når dei går om bord. Dette er heller ikkje uvanleg når ein reiser kollektivt til attraksjonar, til dømes vil ein gå av på haldeplassen Hop om ein skal til Trollhaugen. I Skyss sin mobilapplikasjon Skyss reise kan ein dessutan gå inn i kartvisning og få opp både namn på attraksjon og namn på næraste haldeplass.

For stoppet Nyhavnsveien vil ein likevel gjennomføre ei namneendring til Gamle Bergen, slik at ein gjer det enda enklare for dei kundane som ikkje er lokalkjende å finne fram til Gamle Bergen.